



TIL TØRK: Både blå og turkise tekstilar hang torsdag til tork utanfor lokala til Vestnorsk Kulturakademi på Voss.

Torild Finsrud Velure og Britt Mari Hesjedal strålar om kapp med finveret og dei nye fargane dei skapar.

Handboren kunnskap står i høgsetet når Vestnorsk Kulturakademi på Voss og Høgskulen i Bergen slår seg saman om studietilbod – og såleis har studentane ved Tekstilkultur mellom anna lært seg å knusa lus for å farga tekstilar raude.

Torsdag og fredag gjekk den siste samlinga til studietilbodet Tekstilkultur I føre seg i og utanfor Vestnorsk Kulturakademi sine lokala på Tvildemoen. Heile 23 personar frå store delar av Vest- og Sør-Noreg har vore engasjerte studentar heile varen gjennom, og på den siste samlinga vart det lagt til rette for å testa ut kunnskapane ved at dei i praksis tok føre seg farging, trykk og etterbehandling av ulike typar tekstilar – både med syntetisk fargestoff og plante-fargestoff.

– **Oi, sjå!** Det grøne vert blått. Britt Mari Hesjedal, leiar i Hordaland Husflidslag og lærar frå Fusa, og Torild Finsrud



– Oi, sjå! Det grøne vert blått!

Velure, sekretær i Hordaland Husflidslag frå Fana, strålar om kapp med finveret på Tvildemoen – i fryd over at fargeeksperimenteringa deira gjev resultat. Og for eit utrent auge ser det heile unekteleg magisk ut, då det som ser ut som grøn-gule tekstilar vert tekne opp frå vassbadet, og får ein tindrande blåfarge i kontakt med oksygenet i lufta.

Forelesar og fagansvarleg Lise Finne forklarar årsaka:
– Molekylet indigo er uløseleg i vatn, så utan å tilsetja eit anna stoff som gjer molekylet løseleg i vatn, er det umogleg å få fargen til å

festa seg på tekstilfiber. Når ein så legg tekstilane i vassbadet, ser fargen gulgrøn ut, men gjennom ein oksideringsprosess – det vil seia kontakt med oksygenet i lufta – vert molekylet uløseleg igjen og den blå fargen kjem fram.

Fargestoffet indigo har vorte nytta i 4000 år, og vart opphavleg vunne ut frå planta Indigofera anil. Indigo er såleis det eldste fargestoffet ein kjenner til. Indigo var ein av dei første fargane dei framstilla syntetisk, og det kom på marknaden i Europa kring 1900-talet – og vert i dag nytta til mellom anna farging av dongeribukser.

– Men før fargestoffet indigo kom til Europa – då dei fann sjøvegen til India, vart planta Vaid nytta for å gje same blåfargen. Anders Dolve skriv i boka «Vaid til blåfarging» frå 1947, at det på Byrkjo på Voss vart oppdaga ei forngrav frå år 1000 med farga tekstilar. Dette har altså lange tradisjonar også her i landet, fortel Torild Finsrud Velure.

Men no er det ikkje berre blåfargar studentane ved Tekstilkultur har lært seg å farga tekstilar med. Indigo fungerer godt både til farging av ull og bomull, medan ein også fargar

vegetabiliske fibrar med reaktiv farge. Ull kan ein også med hell farga med syre- og metallkompleksfargar.

Men i tillegg har Turid Nygård – tidlegare lærar ved Voss Husflidskule – delteke på samlinga for å dela kunnskapane sine kring plante-farging med studentane. Og både krapp og bjørk var i bruk. I tillegg til Kochenille-lusa. Og medan studentane var i full sving, vandra dagleg leiar ved kulturakademiet, Sissel Mugaas Bjørkhaug, nøgd rundt og observerte.

– Det som er så flott med dette studiet er at

teori møter praksis. Og dette er heile fundamentet vårt.

Mugaas Bjørkhaug vart faktisk så overtydd om studentane sine praktiske ferdigheiter at ho til sist donerte skjerfet sitt til eitt av fargebada. Og ut av vassbadet kom det, med ny og vakker fargeprakt.

– Eg vonar skuleverket elles i større grad vil føra den handlingsborne kunnskapen vidare. Det er ikkje noko i vegen for at skulelevar skal få denne typen oppgåver inn i undervisninga si, seier ho – noko Lise Finne seier seg samd i.

FARGEKUNST: Torild Finsrud Velure og Britt Mari Hesjedal – begge studentar ved Tekstilkultur I – har lært seg kunsten å farga tekstilar med indigo.

– Me vil gjerne ha med skular på eit pilotprosjekt dersom det er interessant, seier dei to.

Turid Nygård har brei erfaring frå farging med planter – og delte framgangsmåtene til farging med krapp for å få oransje tekstilar, med bjørkeblad for å få gule tekstilar og med Kochenille-lus for å få blåraude tekstilar.

– Raudfargen ein får frå Kochenille-lusa er berre heilt fantastisk, seier bibliotekaren Bente Dammen frå Osterøy. Saman med fleire medstudentar har ho vore



KOCHENILLE: Kochenille-lusa vert knust, bløytt og varma opp til 90 varmegrader i vassbad. Fargen festar seg då sterk og fin på tekstilane.



INDIGO: Døme på naturleg indigo frå Afrika og syntetisk indigo nytta i industrien.

FAKTA | TEKSTILKULTUR

- Fargestoffet Indigo har vorte nytta i 4000 år
- Før Indigo-fargestoffet kom til Europa, var det planta Vaid som vart nytta til blåfarging.
- Her til lands var det vanleg å framstilla blåfargen ved å nytta urin saman med vaid – å framstilla fargestoffet krev nemleg ein forråtningsprosess, og blandinga fekk gjerne stå og gjæra vinteren gjennom.
- For å framstilla 1 kg av fargestoffet Kochenille, går det med 150 000 lus

med på prosessen å knusa dei tørka skjoldlusa – som i live held til på fikenkaktusplanta i Mellom-Amerika, og leggja dei i blaut, for så å varma vassbadet opp til 90 varmegrader med tekstilar oppi. Og fargen vart overraskande sterk.

Tekstilkultur-faget har vore ein stor suksess for Vestnorsk Kulturakademi og Høgskulen i Bergen. Mange av studentane ved Tekstilkultur I tenkjer å halda fram med Tekstilkultur II til hausten, og førespurnadane frå nye studentar til Tekstilkultur I har så langt vore overstrøymande.

– Det er viktig å ta vare på slik kunnskap, og ein er heilt avhengig av å få testa lærdommen i praksis for å læra det skikkeleg, seier Mugaas Bjørkhaug.